

**Ver merksam på Fredningssona i elvosen.**

26.07.2018



Innafor denne grensa vert definert som ei fredningssone.

**Frå tid til anna vert det oppdaga fiske med garn innafor det som er merka med skilt i utlaupet av Uskedalselva. For ei veke sidan vart garn funne og avlevert til politiet. Det er forskrifta om fiske ved utlaup av vassdrag med anadrome fiskeartar som regulerer desse restriksjonane. Uskedalselva er ei av fleire elvar i Kvinnherad der desse reglane gjeld.**

Forskrifta omhandlar eigentleg fiske både innafor og utanfor den skilta grensa som går i rett line frå Flatholm til Børneset. Til vanleg er elvosen eller elvemunningen definert som 100 meter frå grensa mellom elv og sjø der alt fiske med garn ikkje er tillate. I Uskedalen gjeld grensa slik det er skilta. Låsetjing er tillate så lenge det ikkje er til hinder for oppgang av fisk i vassdraget.

Forskrifta vart sist oppdatert i 1997. Nokre vassdrag som Vossvassdraget har særskilde reguleringar. Det gjeld ikkje Uskedalen. Her føl ein standardforskrifta for fiske i utlaupet av vassdrag. Brot på denne forskrifta er straffbart.

Det er Fylkesmannen sin miljøvernavdeling som er ansvarleg for skilting og tilsyn. På deira heimeside, Fiske i vassdrag, finn ein kart og meir informasjon.

Leiar i Elveeigalaget, Trond Lekva Myklebust, vil at alle skal vera merksam på desse fiskereglane. Det er viktig å kjenna forskrifta for fredningssona og syna respekt for skiltinga slik bileta i dette innlegget syner..

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Trond Lekva Myklebust/Kristian Bringedal



Skiltet på Holmen syner klart kva som er innafor og utafor grensa til Fredningssona